

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Midt
Tid/Sted: Torsdag 26.09 kl 12.30 – kl 14.15
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Sverre Tyldum, Borgny K Grande, Johan Kristian Daling, Bård Tore Berntsen, Kolbjørn Frøseth, Olav Håkon Ulfnes, Silje Laugsand Pynten og Roy Albertsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 26.09.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøtet 25.09 <p>Olav Håkon orienterte om betra drift i Nortura. Evaluering Brennpunkt: Reklamen for Gilde vert kritisert av nokon, men marknaden responderte med høgare preferanse. Tilleggsytningar for gris og småfe skal drøftast i fagutvala. Presentasjon av Eigarløftet. AU-samling i desember vert utsett. Risikovurdering: Betring, unntatt påverknad frå marknaden. NOVA: SAP-implementeringa fram til no har gått som planlagt i revidert utrullingsplan.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Diskusjon rundt inntransport?• Svar: Styreleiar og nestleiar fylgjer opp henvendelsen frå sjåførane. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering</p>	
2	Oppsummering etter tlf møta med kretsleiarane <p>AU-medlemmane oppsummerer/orienterer frå sine ansvarskretsar, inkl status i kretsutvala for høyringssaka "Effektiv og rasjonell samhandling bonde – Nortura"</p> <p>Lars Morten meinte det hadde vore gode møter. Kommunikasjon mot eigarane er krevjande. Fekk gje muntleg oppdatering. Innspel om fråfall av produsentar i Molde-området. Ynskjer innspel på korleis kaffibesøkrunde skal organiserast. Baserast på henvendelsar eller innspel frå kretsleiarar?</p> <p>Brit Kari informerte om innspel frå Lars Arne Reitan som følte han vart avbroten og at leiinga er arrogant.</p> <p>Roy orienterte om info møte i Lierne måndag, med mange spørsmål og diskusjon, positive tilbakemeldingar avslutningsvis. Bør ha møte i Namsos og på Fosen. Eit selskap har så langt trekt seg frå brevet.</p> <p>Silje: Bra med muntleg dialog, eigarbrev har ikkje ønska og håpa verknad. Rett med lokale møter.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Bør ikkje invitere til ope møte, men bør vere møte for eigarane.• Veldig bra med tlf møter og kretsmøter, må fortsette med for god dialog. Godt møte i Lierne, med heile resonnement. Viktig at sjåførar og tillitsvalde deltek på ulike møter pga ulike roller.• Lars Morten kontaktar Jorunn Karin Kvernen for avklaring og evt oppfølging	

- med gardsbesøk. Bård Tore kontaktar Lars Arne Reitan.
- Pris på storfe vert diskutert i ulike sosiale media.
- Arnodd hadde god orientering om storfepris i møtet i Lierne, kan brukast i fleire møter.
- Tilbakemeldingar om at ansatte og tillitsvalde kan oppfattast arrogant. Viktig med fakta og tidslinjer. Følgje opp enkeltpersonar.
- Lars Morten vil ha tidslinje for dei 2 siste åra + praktiske eksempel + argumentasjonsrekke for Notra. Vil sjølv lage plansjar på rolla til Nortura.
- Når vart Notra etablert, og kven tok initiativet? Nokre stussar på at det var etablert før beslutninga var tatt.
- Svar: Etablert i 2018, har vore ein ide i fleire år, usikkert kven som tok initiativet.
- Følgje opp kretstillitsvalde som treng info, samt få innspel frå kretstillitsvalde for kaffibesøk.
- Vi må vere ærlege i infoen vår. T.d. sagt at Litra ikkje skal ha avkastning.
- Svar: Kravet er avkastning på investert kapital t.d. bilar, ikkje utbytte på resultat.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

-
- 3 **Aktivitetsplanarbeid 2020**
 Status for ressursgruppemøter og utarbeidd handlingsplan 2020: Kylling har ikkje hatt møte enno, dei andre dyreslaga har hatt. Brit Kari manglar referat frå ressursgruppe sau og storfe. Skal samanfattast og sendast på høyring til kretsane.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

-
- 4 **Planlegging av RU-møtet 5. og 6. november**
 Brit Kari orienterte om forslag til sakliste.

Spørsmål/kommentarar:

- Behov for tema inntransport i RU-møtet? Positivt og løfte stemninga, stoltheit over å vere Nortura-bonde?
- Motivering viktig. Harald Bjerknes motiverer.
- Rett før RU-møtet er det offentleggjort kva selskap som skal samarbeide med Notra.
- Forretningsmessig grunnlag og innsparing må synleggjerast for val av modell, skal gagne eigarane.
- Positiv info frå styret + ny konsernsjef (fokus på motivering), inntransport med info frå dagleg leiar i Notra, samt tillitsvalgt si rolle t.d. på facebook
- Behov for å synleggjere/forklare organisasjonsmodellen og kva som ligg i rollene + vår rolle i landbrukspolitikken + kommunikasjon innad i Nortura med medlemmane. Gruppearbeid?
- Kjøtt og klima som inspirasjonsforedrag? Matprat?
- Egg og kylling må også takast med.
- Marknadsordning egg? Marknadsutvikling kylling? Trekkast fram i sentral info.

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med RU-møtet.

-
- 5 **Kretsmøter 2020**
 Brit Kari orienterte om forslag til kretsmøteplan.

Spørsmål/kommentarar:

- Ynskje om konsernsjef også i møtet for Levanger/Verdal/Frosta.

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med kretsmøta

-
- 6 **Orientering frå Medlem region Midt**
 Roy orienterte om krevande dagar og stor tidsbruk på inntransport. Storfe: Nedgang i marknadsandelar, men redusert reduksjon på siste 12 månaders rullerande. Nedgang på gris og småfe. Mykje snakk om prisvilkår storfe, viktig info å få ut. Sesongen: Innfrysing frå neste veke pga dropp i salet. Pr veke 38 slakta 7,5 % færre lam. Salet bra

så langt, betre enn i fjor. Aktivitet mot eigarane. Presisjon på inntransport mot fabrikk god. Krittisk smågrissituasjon, slutt på kompensasjon på slakting frå 1. oktober, spent på reaksjonar.

Spørsmål/kommentarar:

- Møte i Levanger Sau og Geit i går, spm om frose lammekjøt. Innspel om prisløype i forhold til sluttføring.
- Vert det gjort noko aktivt for etablering av slaktegrishus?
- Svar: Ikkje aktivt oppmoda. Norsvin Trøndelag opptatt av å oppretthalde marknadsandelen.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

7 **Orientering frå fagutvala**

Bård Tore orienterte om at det ikkje har vore møte i fagutval småfe sidan 02.09.

Kolbjørn orienterte om at det ikkje har vore møte sidan sist. Siste prognose på egg viser overetablering. Differensiert omsetningsavgift er drøfta.

Sverre orienterte om at det vert fysisk møte i fagutval gris på tysdag.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

8 **Eventuelt**

- Innspel frå Tormod Bergum om frykt for redusert innmelding pga innføringa av 7-vekers innmelding. Silje svarte at det har vore mange henvendelsar, med ynskje om valfritt perspektiv. Olav Håkon føreslo å sende henvendelsen vidare til Karin Røhne, for å gje svar om det var vurdert å vidareføre begge avtaleperiodane.
- Brit Kari orienterte om at eit par kretsleiarar har bedt om pause frå verva sine.